

# LOV

FOR

## SOGNDAL IDRETTSLAG - FOTBALL

(SOGNDAL FOTBALL)

ORGANISERT AV SOGNDAL ALLIANSE-IDRETTSLAG

Lov for Sogndal Idrettslag - Fotball ( Sogndal Fotball) skipa 18.02.99  
Vedteken 18.02.99, sist endra 09.11.23

Sist godkjend av Idrettsstyret 22.02.99

### § 1 FORMÅL

Laget er sjølveigande og frittstående med berre personlege medlemmer.

Laget sitt formål er å drive idrett organisert i Norges Idrettsforbund og Olympiske Komite (NIF).

### § 2 ORGANISATORISK TILKNYTING

Laget er medlem av NIF gjennom Sogn og Fjordane Idrettskrins.

Laget er organisert av Sogndal allianse-idrettslag og pliktar å halde seg etter dette laget sine lover og retningslinjer.

Laget må ikkje føreta seg noko som er eigna til å skade allianse-idrettslaget sitt namn eller rykte.

Laget er medlem i det særforbund som årsmøtet gjer vedtak om.

Laget har sete i Sogndal kommune og er medlem av idrettsrådet i kommunen.

Reglane i NIF's lov kapittel 1, 2, 5, 11, 12 og 13 gjeld for idrettslaget uavhengig av kva som måtte stå i laget si eiga lov.

### § 3 MEDLEMMER

Alle som lover å rette seg etter lagslovene og lovene til overordna idrettsorgan, kan bli medlem.

Alle medlemmer blir automatisk medlem i Sogndal allianse-idrettslag og plikter å halde seg etter dette laget sine lover og vedtekter.

Alle som er medlemmer pliktar å følgje lovene til NIF, og dessutan dei lover og vedtekter som gjeld for NIF sine organisasjonsledd, medlemmer og for laget.

Ein søkar kan ikkje bli medlem utan at dei økonomiske pliktene i høve til andre organisasjonsledd og medlemmer i NIF er gjort opp. Medlemsskap i laget er først gyldig og vert rekna frå den dag første kontingent er betalt.

#### **§ 4 KVEN HAR RØYSTERETT OG KVEN KAN VELJAST**

For å ha røysterett på laget sine møte må ein medlem ha fylt 15 år, ha vore medlem i minst 1 måned, og ikkje skulde laget kontingent.

Alle medlemmene som har røysterett og som ikkje er arbeidstakar i laget, kan veljast til tillitsverv i laget, og som representant til ting eller møte i overordna idrettsorganisasjon.

#### **§ 5 KONTINGENT**

Kontingenten skal fastsetjast av årsmøtet og betalast på forskot.

Medlemmer som skuldar kontingent til laget eller til Sogndal allianse-idrettslag for meir enn eitt år, har ikkje røysterett eller andre rettar, og styret kan stryke dei som medlem i laget.

Ein medlem som vert strøken, kan ikkje takast inn att før skuldig kontingent er betalt.

#### **§ 6 GODTGJERSLE TIL TILLITSVALDE**

Tillitsvalt kan ta i mot refusjon for nødvendige, faktiske utgifter, inkludert tapt arbeidsfortjeneste, som vert påført vedkomande i utføring av vervet. Tillitsvalt kan ta i mot eit rimeleg honorar for arbeidet sitt.

Utgifter til godtgjersle og refusjon for faktiske utgifter skal gå fram av laget sitt budsjett og rekneskap.

#### **§ 7 INHABILITET**

For laget sine tillitsvalde, personar oppnemnde til verv og tilsette, gjeld NIF sine inhabilitetsregler.

#### **§ 8 STRAFFESAKER**

For alle straffesaker gjeld NIF si lov kapittel 11 (NIF sine Straffebestemmelser).

#### **§ 9 ÅRSMØTE**

Laget sitt høgste styringsorgan er årsmøtet, som skal haldast kvart år i februar/mars måned.

Styret kallar inn til årsmøte minst 1 måned på førehand, direkte til medlemmene eller ved kunngjering i pressa.

Framlegg som skal handsamast på årsmøtet må vere sendt til styret seinast 2 veker før årsmøtet.

Medlemmene skal ha tilgjenge til fullstendig sakliste seinast 1 veke før årsmøtet.

Alle medlemmer i laget har adgang til årsmøtet. Årsmøtet kan invitere andre personar og/eller media til å vere til stades.

Årsmøtet er vedtaksført med det tal røysteføre medlemmer som møter.

Ingen har meir enn ei røyst og røystegiving kan ikkje skje ved fullmakt.

På årsmøtet kan ikkje handsamast framlegg om lovendring som ikkje er ført opp på saklista seinast 1 veke før årsmøtet. Andre saker kan handsamast og avgjerast når 2/3 av dei frammøtte krev det. Slikt vedtak kan gjerast berre i høve godkjenning av saklista.

#### **§ 10 LEIING AV ÅRSMØTET**

Årsmøtet vert leia av valt dirigent. Dirigenten treng ikkje vere medlem av laget.

## **§ 11 RØYSTEGIVING PÅ ÅRSMØTET**

Med mindre noko anna er fastlagt skal eit vedtak for å vere gyldig vere gjort med vanleg fleirtal av dei leverte røystene.

Val føregår hemmeleg dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg eller det vert fremja krav om det.

Viss det skal vere skriftleg val, kan berre kandidatar det er gjort framlegg om førast opp på røystesetelen.

Røystesetlar som er blanke, eller som inneheld kandidatar det ikkje er gjort framlegg om, tel ikkje og røystene vert rekna som ikkje avgitt.

Når eit val vert halde enkeltvis og ein kandidat ikkje oppnår meir enn halvparten av dei leverte røystene, skal det vere bunde omval mellom dei 2 kandidatane som har fått flest røyster.

Står kandidatane likt etter omvalet, vert valet avgjort ved loddtrekking.

Når fleire skal veljast ved ei røysting, må alle ha meir enn halvparten av dei leverte røystene for å vere valde. Dette gjeld ikkje ved val av vararepresentantar.

Om ikkje mange nok kandidatar får dette i fyrste omgang, er berre dei valde som har fått meir enn halvparten av røystene.

Det vert så bunde omval mellom dei kandidatane som står att, og etter denne røystinga er dei som har flest røyster valde.

Står nokon likt etter omvalet, vert dette avgjort ved loddtrekking.

## **§ 12 ÅRSMØTET SINE OPPGÅVER**

Årsmøtet skal :

1. Handsame laget si årsmelding.
2. Handsame laget sitt reviderte rekneskap.
3. Handsame innkomne framlegg.
4. Avgjere laget sin organisasjon (jfr. §15).
5. Vedta laget sitt budsjett.
6. Val
  - a) Formann og nestformann
  - b) 3-7 styremedlemmer
  - c) Andre utval, bestemt i sak 4.
  - d) Representantar til ting og møte i dei organisasjonar som laget er tilslutta.
  - e) Kontrollkomite
  - f) Tilsette revisor
  - g) Valnemnd

## **§ 13 OMFRAMT ÅRSMØTE**

Omframt årsmøte vert halde når styret eller overordna idrettsorganisasjon gjer vedtak om dette, eller når minst ein tredel av dei røysteføre medlemene krev det.

Møtet vert kalla inn på same måte som vanleg årsmøte med minst 14 dagars varsel.

Omframt årsmøte kan berre handsame og ta avgjerd i dei sakene og som er gjort kjent i innkallinga.

## **§ 14 STYRET**

Laget vert leia av styret, som er laget sitt høgste organ mellom årsmøta.

Styret skal:

1. Setje i verk vedtak og avgjersler som vert gjorde av årsmøtet og av overordna idrettsorgan.
2. Nemne opp komitear, utval og personar for særskilde oppgåver etter behov. Utarbeide instruksar for desse.
3. Administrere og føre nødvendig kontroll med laget sin økonomi i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande instruksar og vedtekter for idretten.  
Herunder kan styret forplikte laget med kreditt/låneopptak, samt stille lagets egedelar som sikkerheit for slik kreditt/låneopptak.
4. Representere laget utover.

Styret held møte når leiaren eller eit fleirtal av medlemmene i styret krev det. Styret kan gjere vedtak når eit fleirtal av medlemmene i styret er tilstades. Vedtak vert gjort med fleirtal av dei avgitte røystene. Ved likt røystetal er røysta til møteleiaren avgjerande.

## **§ 15 (GRUPPER / AVDELINGAR)**

Laget kan organiserast med avdelingar og/eller grupper. Desse kan leiast av oppnemnde personar eller av valde styre. Laget sitt årsmøte tek avgjerd om oppretting av avdelingar/grupper, og korleis desse skal organiserast og leiast.

For avdelingar/grupper sine økonomiske plikter heftar heile laget, og avdelingar/grupper kan ikkje inngå avtalar eller representere laget utover utan styret si godkjenning.

## **§ 16 LOVENDRING**

Endringar i denne lov kan berre gjerast på vanleg eller omframnt årsmøte, etter å ha vore ført opp på saklista, og krev to tredels fleirtal av dei leverte røystene.

Lovendingane må sendast Idrettsstyret for godkjenning, og trer ikkje i kraft før dei er godkjende.

§ 17 kan ikkje endrast.

## **§ 17 OPPLØYSING**

Oppløysing av laget kan berre handsamast på vanleg årsmøte.

Vert oppløysing vedteke med minst to tredels fleirtal, skal omframnt årsmøte haldast 3

månader seinare. For at laget skal bli oppløyst, må vedtaket her gjerast oppatt med to tredels fleirtal.

Samanslåing med andre lag vert ikkje rekna som oppløysing av laget. Vedtak om samanslåing og nødvendige lovendingar i tilknytning til dette, skal gjerast i samsvar med reglane om lovending jfr. § 16.

Oppløysing av laget si organisering i Sogndal allianse-idrettslag må vedtakast med 2/3 fleirtal.

I fall oppløysing eller annan nedlegging av laget, skal laget si eige førast over til Norges Idrettsforbund eller formål godkjend av Idrettskrinsstyret.

I fall oppløysing skal laget sitt arkiv sendast til idrettskrinsen.